

Høgskulen på Vestlandet

# Prosjekt campusutvikling campus Sogndal

Mandat

Godkjent av rektor  
10. september 2021



## Utvikling av campus Sogndal

Utvikling av levande campus er ein viktig del av Høgskulen på Vestlandet sin strategi. Kunnskapsdepartementet er tydelege på at fleircampusinstitusjonar som HVL må utarbeide ein overordna campusstrategi og løfte kvar av campusane sine særmerke. HVL har etablert eit eige campusutviklingsprosjekt for dette arbeidet. Prosjektet er forankra i rektor si toppleiargruppe som er styringsgruppe for prosjektet.

Ved campus Sogndal skal det gjennomførast ein utviklingsverkstad onsdag 6 og torsdag 7. oktober 2021. Verkstaden skal vere startskotet for prosjekt campusutvikling for campus Sogndal. I programmet for verkstaden vil det bli lagt stor vekt på samspelet som campus Sogndal har med ulike organisasjonar i Sogndal, og i regionen som Sogndal er ein del av.

### Levande campus med tydeleg profil

For HVL handlar campusutvikling om den faglege aktiviteten på campus. Campusane skal vere attraktive for studentar og tilsette. Det skal vere campusar som arbeids- og samfunnsliv har eigarskap til. Vi skal ha berekraftige campusar som veks ut av HVL som heilskap, og som samtidig har sterke lokale røter. Vi skal ha levande campusar, med tydelege profilar. Campusutvikling er viktig i eit langsiktig arbeid med kultur- og institusjonsbygging. Det å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv skal vektleggast i arbeidet.

### Arbeidet med campusutvikling for campus Sogndal

#### Tidsramme

Verkstaden for campus Sogndal i oktober 2021 vil vere eit grunnlag for det vidare arbeidet med campusutvikling ved campus Sogndal. Det er viktig å få fram kunnskap om campus Sogndal og å sjå kva moglegheiter som er for det framtidige campus Sogndal. Tidsramme for prosjekt campusutvikling for campus Sogndal er september 2021 - januar 2022. Prosjektgrupper frå fakultet og administrasjon skal involverast i arbeidet under verkstaden i september, og vil følgje opp arbeidet sitt i etterkant av verkstaden.

#### Organisering

Oppfølging av prosjekt campusutvikling for campus Sogndal er etablert som eit eige prosjekt. Organisasjonsdirektør er prosjekteigar. Rektor si toppleiargruppe er styringsgruppe for prosjektet. Organisasjonsdirektør oppnemner ei overordna arbeidsgruppe for prosjektet med representasjon frå alle fire fakultet og administrative einingar, samt representasjon frå studentar og tillitsvalde.

#### Arbeidsgruppa sitt ansvar

Arbeidsgruppa har ansvar for å:

- samanfatte prosjektgruppene sine framlegg til tiltak i ein samla rapport
- legge fram for rektor si toppleiargruppe tilhøyrande samla tiltaksplan for campusutvikling for campus Sogndal
- sikre at det blir sett i verk konkrete tiltak for utvikling av campus Sogndal
- initiere og følgje opp tverrgåande og felles tiltak

Arbeidsgruppa skal sørge for at samarbeidspartnarar og aktørar frå regionalt arbeids- og samfunnsliv er involvert i det vidare utviklingsarbeidet ved campus Sogndal. Arbeidsgruppa skal sørge for at dei konkrete tiltaka for utvikling av campus Sogndal er vidareutvikla frå idéar og innspel som kjem fram i verkstaden, og vere:

- retta inn mot å utvikle ein fagleg profil for campus Sogndal
- forankra i HVL og fakulteta sine strategiar og handlingsplanar
- realistiske, både når det gjeld gjennomføring og kostnader

Arbeidsgruppa må ha med seg i arbeidet eit overordna perspektiv som er at utviklinga av alle dei fem campusane er viktig for å styrke ambisjonen om å bli universitet. HVL skal dyrke profilen sin som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet med god forankring i heile regionen vår, tett på viktige samfunnsfunksjonar og lokalt næringsliv.

### Prosjektgruppene sitt ansvar

Det vil bli oppnemnt og etablert prosjektgrupper for prosjekt campusutvikling for campus Sogndal i fakulteta FLKI, FIN, FHS og FØS, og for det administrative tenesteområdet. Desse prosjektgruppene skal gi bidrag til den overordna arbeidsgruppa sitt arbeid gjennom tidsperioden for prosjektet.

Prosjektgruppene er ansvarlege for å foreslå konkrete tiltak, og skal gjennom eigne prosjektarbeid utvikle ein rapport og tiltaksplan for å realisere ein profil for campus Sogndal og bidra til campusutviklinga gjennom:

- utdanningane og studieportefølja
- forskings-, utviklings- og innovasjonsarbeidet
- infrastrukturen
  - arealutvikling
  - teknologiutvikling
- Internasjonalisering
- miljø- og berekraftsløysingar
- samarbeidet med samfunns- og næringsliv.

### Kostnader/budsjett

Det er utarbeidd budsjett for prosjektarbeidet med campusutvikling i HVL for året 2021. Den samla rapporten og tiltaksplanen for campus Sogndal frå den overordna arbeidsgruppa skal gje greie for ressursbruk og kvalifiserte vurderingar av realisering. Miljø- og berekraftaspekt skal omtalast og definerast i rapport og tiltaksplan.

### Ressursbehov

Det er aktuelt å tilføre fakultet og administrative einingar midlar til å gjennomføre prosjektarbeid t. Midlar kan t.d. nyttast til frikjøp av medarbeidarar og til å knyte til seg eksterne ressursar i prosjektarbeidet. Det kan også vere aktuelt å løyve midlar til (del)finansiering av konkrete tiltak.

## Milepælsplan

**September 2021:** Mandat for prosjekt campusutvikling Sogndal vedtatt av rektor, arbeidsgruppe for prosjekt campusutvikling Sogndal blir oppnemnt.

**September 2021:** Fakultetsvise prosjektgrupper og ei administrativ prosjektgruppe for prosjekt campusutvikling Sogndal blir oppnemnt.

**Oktober 2021:** Utviklingsverkstad for prosjekt campusutvikling Sogndal blir gjennomført.

**Oktober 2021** Arbeidsgruppe og prosjektgrupper for prosjekt campusutvikling Sogndal har oppstartsmøter.

**Oktober - november 2021:** Utviklingsarbeid og møter i arbeidsgruppe og prosjektgrupper for prosjekt campusutvikling Sogndal.

**Desember 2021:** Prosjektgruppene for prosjekt campusutvikling Sogndal ferdigstiller sitt arbeid innan frist 10. desember og presenterer dette for den overordna arbeidsgruppa for prosjekt campusutvikling Sogndal

**Januar 2022:** Arbeidsgruppe for prosjekt campusutvikling Sogndal samanfattar prosjektgruppene sine framlegg til tiltak.

**Januar 2022:** Arbeidsgruppa utarbeidar ein rapport, med tilhøyrande samla tiltaksplan for arbeidet i prosjekt campusutvikling Sogndal. Rapport og tiltaksplan skal leggest fram for rektor si toppleiargruppe, og skal også vere eit av fleire grunnlagsdokument for det samla arbeidet med prosjekt campusutvikling ved HVL.

versjon 03.09/pjm